

PROSEODYRE – BORGARLEG VIGSEL

1: VIGSLAR:

Frå 1. januar 2018 har følgjande roller vigselsmynde i Stranda Kommune, jf. Ekteskapsloven § 12b.

- Ordførar
- Varaordførar

2: VIGSELSTILBOD:

2.1: Vedtekne retningslinjer:

Vedtak i kommunestyret 14.12.2017

1. Kommunestyret vedtek at følgande lokaler/stader vert godkjent for borgarlege vigslar:
Skinkerådhuset
2. Kommunestyret gir ordførar fullmakt til å oppnemne annan vigslar enn ordførar og varaordførar dersom det vert aktuelt.
3. Kommunen sitt alminnelege vigselstilbod skal vere gratis for kommunen sine innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge. Dersom det kjem nye forskrifter som vedkjem betaling, skal dette regulerast i samband med budsjett og kommunale takstar og avgifter

2.2: For kven:

Stranda Kommune tilbyr vigsel for alle personar som følgjer vilkår for å inngå ekteskap i Noreg etter kapittel 1 i Ekteskapsloven.

2.3: Kostnad:

Tilbodet om vigsel er i utgangspunktet gratis. Dersom brudeparet har andre ynskjer utover det som er sett i kommunestyret, må dei betale for og/eller ordne dette sjølve.

Dette kan til dømes vere vigsel på ein spesiell stad, vigsel på helg- eller høgtidsdag, eller levande musikk under vigsla.

2.4: Vigselslokale:

- Skinkerådhuset i Stranda sentrum

Dersom brudeparet ønskjer vigsel i anna lokale, eller utandørs må dette avtalast på førehand. Kostnadar til dette må dekkast av brudeparet sjølve.

- **2.4.1: Skinkerådhuset:**

Kommunen sørger for å sette fram bord med kvit duk og lys. Det vert sett fram stolar til brudepar og vitner.

Det må på førehand avtalast om det kjem andre gjestar.

2.5: Førebuing til vigsel:

Vi har informasjon om tilbodet om vigsel, kva som må gjerast, og i kva rekkefølgje det skal gjerast i på kommunen sin nettstad.

- **2.5.1: Prøvingsattest:**

Før brudeparet tek kontakt med kommunen for å avtale vigsel må dei innhente prøvingsattest frå folkeregisteret. Denne er gyldig i fire månader. Når prøvingsattest ligg føre kan brudeparet kontakte kommunen, jf. Ekteskapsloven §14 fyrste ledd jf. §10.

Om brudeparet planlegg vigsel lenger fram i tid, kan dei ta kontakt utan at prøvingsattest ligg føre. Dei må då huske at attesten må vere klar til vigsla skal skje, seinast levert til kommunen tre veker før vigselsdato.

- **2.5.2: Avtale dato og vigsel:**

Det er servicekontoret som mottek førespurnad frå brudepar som ønsker communal vigsel. Det skal søkast via elektronisk skjema.

Brudeparet må kome med dato, og ønska klokkeslett for vigelsen.

Servicekontoret avtalar tidspunkt med vigslar. Det må sjekkast om Skinkerådhuset er ledig.

Brudeparet får så tilbakemelding på fastett vigselsdato og tidspunkt.

- **2.5.3: Klargjering av vigselslokale:**

Så lenge det er det lokalet som kommunen tilbyr til vigsel som blir nytta, er det kommunen som gjer klar lokalet. Pynt m.m utover det kommunen tilbyr må brudeparet syte for sjølve.

Dersom vigsel skal finna stad i eit anna lokale eller ute, må brudeparet sjølve syte for å få sett dette i stand.

2.6: Gjennomføring av vigsel:

- **2.6.1: Seremonien:**

Brudeparet, forlovarar og gjestar bør møte opp 15 minutt før avtalt tid for vigsel. De må vente utanfor vigselslokalet til de vert vist inn.

Etter seremonien underteiknar brudepar, vitner og vigslaren vigselsprotokollen.

Om de har ringar som skal utvekslat settast dei på når vigslaren har erklært dykk som ektefolk. Vigslaren gir beskjed når ringane kan utvekslast.

- **2.6.2: Vitner:**

2 vitner må vere til stades under seremonien, jf. Ekteskapsloven §11 andre ledd. Dette kan vere forlovarar eller to andre myndige personar.

- **2.6.3: Legitimasjon:**

Brudeparet bør legitimere seg for vigslar før vigsel vert utført.

- **2.6.4: Borgarleg vigselsformular:**

Vigslar skal lese opp det borgarlege vigselsformularet under seremonien.

Seremonien kan tilpassast med for eksempel tekst og musikk utover dette dersom brudeparet ønsker det. Det må i så fall avtalast med kommunen og vigslar i god tid før dato for vigsel.

Om brudeparet er framandspråkleg må de på førehand avtale kva språk som skal nyttast under seremonien. Vigselen kan skje på norsk eller engelsk. For andre språk må brudeparet sjølve sørge for tolk.

- **2.6.5: Melding om vigsel:**

Prøvingsattesten frå folkeregisteret utgjer også melding om vigsel og vigselsbok. Skjemaet sin

del «melding om vigsel» skal fyllast ut av vigslar.
Brudeparet og vitner skal underteikne melding om vigsel.

2.7: Vidare oppfølgjing og arkivering:

- **2.7.1: Mellombels vigselsattest til brudeapret:**
Stadfesta kopi av utfylt og signert vigselsbok vert sent til brudeparet per post første vekedag etter vigsla. Dette er dykkar mellombelse vigselsattest.
- **2.7.2: Registrering av vigsel hos folkeregisteret:**
Stadfesta kopi av utfylt og signert vigselsbok vert sent til folkeregisteret seinast tre dagar etter vigsla. Folkeregistret vil sende ut endeleg vigselsattest til brudeparet.
- **2.7.3: Arkivering av dokumentasjon:**
Dokumentasjon som skal arkiverast i kommunen sitt arkivsystem:
 - Søknad om vigsel
 - Utfylt og signert vigselsbok
 - Utfylt og signert skjema for detaljar rundt vigsel
 - Utgåande brev som dokumenterer hendinga i pkt. 2.7.1 og pkt. 2.7.2 over.

Dokumenta er unntake offentleg innsyn.

2.8: Aktueller lover og forskrifter:

- Ekteskapsloven
- Forskrift om kommunale vigsler
- Rundskriv Q-11/2017 – Kommunale vigsler